

## Tilbygg

Huset vårt har i dag eit uisolert tilbygg mot nord, som er brukt som bod (3,75 x 6,15m). Dette vart bygd i 1990. Vi håper å kunne gjere dette om til ein del av huset, og bygge på slik at det òg vert to etasjar slik som resten av huset er. Ønsket er å kunne få eit vaskerom (med eigen utgang) og eit soverom i første etasje, og to soverom i andre etasje.

Dette tilbygget ligg under fire meter frå tomtegrensa. Grensa går på skrå mellom naboens hus og vårt, slik at det eine hjørnet på tilbygget er nærare grensa enn det andre. Den kortaste avstanden er 2,29 meter (dette har naboen opplyst oss om).

Naboen veit at vi ønsker dette, og han vil ikkje gje samtykke. Vi håper sjølv sagt å finne ei løysing som er minst mogleg sjenerande for naboen, mellom anna ved å ikkje ha vindauge på den sida som er vendt mot dei. Naboen har sjølv ikkje vindauge på den sida av sitt hus.

Vi tenkte først at vi kunne bruke tilbygget som står i dag, men har blitt råda av fagfolk til å rive dette og bygge nytt. Det betyr at det er noko fleksibilitet i forhold til utforming og storleik på tilbygget.

Vi håper å få rettleiing ifht utforminga av dette tilbygget, før vi eventuelt går vidare i prosessen og kontaktar fagfolk og får laga nøyaktige teikningar.

## Ny garasje

Vi vurderer å bygge ny garasje, og utvide den slik at det blir plass til to bilar. Vi lurar då på om vi kan få plassere den nye garasjen lenger sør på tomta.